

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
v/statsråd Monica Mæland  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dato: 12.02.2018  
Vår ref.: 2015/1434-579  
Saksbehandlar: thoaare  
Dykkar ref.:

## **Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland - vedtak om endring i namnet på den nye fylkeskommunen**

Vi viser til møte med statsråd Monica Mæland, 19.januar 2018, der fylkestinga sine vedtak, 27.oktober 2017, om forslag til namn på den nye fylkeskommunen vart drøfta. I etterkant av dette møtet har fylkesutvala i dei respektive fylkeskommunane gjort vedtak om endring i namnet på den nye fylkeskommunen.

Fylkesutvalet i Hordaland, 1.februar 2018:

*«Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslårte fylket Hordaland/Sogn og Fjordane vert «Vestland».*

Vedtaket vart gjort mot to røyster.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, 12.februar 2018:

*«Fylkesutvalet tilrår at namnet til det nye samanslårte fylket Hordaland og Sogn og Fjordane vert «Vestland».*

Vedtaket var samrøystes.

Med grunnlag i departementet sin framdriftsplan for innstilling om nytt fylkesnamn til Stortinget, er det ikkje lagt opp til vidare handsaming i dei respektive fylkesting. Fylkesordførarane viser elles til fylkestinga sine vedtak, 27.oktober 2017, om forslag til nytt fylkesnamn.

Vi ser fram til ei snarleg avklaring av namnet på den nye fylkeskommunen, og ber departementet ta kontakt med underteikna for eventuelle spørsmål og ytterlegare informasjon.

Anne Gine Hestetun  
fylkesordførar

Jenny Følling  
fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

